

Utval: Samferdselsutvalet
Møtestad: Fylkesutvalsalen 3.etg., Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgt.5,
Dato: 09.09.2015
Tidspunkt: 11:00-14.30

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Øyvind Hardeland	Medlem	A
Helge Nævdal	Medlem	A
Gustav Bahus	Leiar	FRP
Inger Signe Ulvund	Medlem	FRP
Einar Lutro	Medlem	H
Eli Årdal Berland	Medlem	H
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H
Tom Skauge	Medlem	FL SV/R
Alf Helge Greaker	Nestleiar	V

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Iril Schau Johansen	Medlem	H
Pål Kårbø	Medlem	KRF
Jostein Ljones	Medlem	SP
Anne-Line Innvær	Medlem	A
Atle Kvåle	Medlem	A

Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Inge Reidar Kallevåg	Iril Schau Johansen	H
Torill Selsvold Nyborg	Pål Kårbø	KRF
Tom Sverre Tomren	Jostein Ljones	MDG
Torill Helland	Anne-Line Innvær	A

Merknader

Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Oddmund Sylta	Direktør Skyss
Olav Finne	Direktør SVV
Thorbjørn Aarethun	Seksjonsleiar
Rolf Rosenlund	Seksjonsleiar

Sakliste

Utvale-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 93/15	Godkjenning av innkalling og saksliste		
PS 94/15	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 95/15	Referatsaker (Meldingar)		
RS 81/15	Svar til SAMU jfr protokoll frå 19082015 RS 74/15 - møteplan 2016	2015/5700	
RS 82/15	Kollektivtilbodet i Ullensvang	2015/2400	
RS 83/15	Fv 209 - Storeskaret - Arefjord - utsetjing av gangbru	2015/120	
RS 84/15	Oversendingar til samferdselsutvalet	2015/2400	
PS 96/15	Vurderingar av kapasiteten i kollektivtilbodet i Bergen, og planlagde tiltak knytt til innføring av tidsdifferensierte bompengeretakstar	2015/1426	
PS 97/15	Prosjektstøtte til Hardangerviddetunnelen AS	2015/3886	
PS 98/15	Omklassifisering av gamlevegen gjennom Ytre Tysse - fv. 48	2014/11976	
PS 99/15	Disponering av overskot frå bompengeinnkrevjing - Trekantsambandet og Nordhordlandsbrua	2014/20686	
PS 100/15	Beredskapsanalyse for brusambanda rundt Bergen - Høyringssak	2014/17909	
PS 101/15	Omklassifisering av Rv 13 ved Mørnshaugen til kommunal veg.	2014/11976	
PS 102/15	Fysisk sikring av Askøybrua	2014/392	
PS 103/15	Ymse		

PS 93/15 Godkjenning av innkalling og saksliste**Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 09.09.2015****Vedtak**

Innkalling og sakliste vart godkjent.

PS 94/15 Godkjenning av møtebok forrige møte**Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 09.09.2015****Vedtak**

Møteboka frå møte den 19. august vart godkjent.

PS 95/15 Referatsaker (Meldingar)**Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 09.09.2015**

Det var ikkje merknader til referatsakene.

RS 81/15 Svar til SAMU jfr protokoll frå 19082015 RS 74/15 - møteplan 2016

RS 82/15 Kollektivtilbodet i Ullensvang

RS 83/15 Fv 209 - Storeskaret - Arefjord - utsetjing av gangbru

RS 84/15 Oversendingar til samferdselsutvalet

PS 96/15 Vurderingar av kapasiteten i kollektivtilbodet i Bergen, og planlagde tiltak knytt til innføring av tidsdifferensierte bompengeretakstar

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek gjennomgangen av kapasiteten i kollektivtilbodet i Bergensområdet, samt planlagde tiltak for å auke kapasiteten, til orientering

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 09.09.2015

Tom Skauge sette på vegne av SV og MDG fram forslag om tillegg til innstillinga og nytt pkt 2

1.men meiner den auka kapasiteten ikkje gjer eit godt nok tilbod til reisande som vel å la bilen stå.
2. Fylkesutvalet meiner det er ei hastesak å sleppe bussane køfritt frem med kollektivfelt på dei fire felts innfartsårane til Bergen sentrum.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Tom Skauge sitt forslag til innstilling pkt 1 fekk 5 røyster (SV, A, MDG) og fall.

Tom Skauge sitt forslag til innstilling pkt 2 fekk 6 røyster (SV, A, MDG, KRF) og fall.

Innstilling

Fylkestinget tek gjennomgangen av kapasiteten i kollektivtilbodet i Bergensområdet, samt planlagde tiltak for å auke kapasiteten, til orientering

PS 97/15 Prosjektstøtte til Hardangerviddetunnelen AS

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet syner til søknaden frå Hardangerviddatunnelene AS frå 3.juni 2015 om støtte til kjøp av to utgreiingar. Det er viktig å få dokumentert ringverknader og nytte av Rv7 over Hardangervidda. Fylkesutvalet løyver kr. 300 000 i prosjektstøtte, finansiert over fylkesutvalet sin tilleggsløyvingskonto.
2. Fylkesutvalet vil understreka at det er Hardangerviddatunnelen AS som er ansvarleg for tematikk og tingiinga av utgreiingane. Hordaland fylkeskommune heftar ikkje for innkjøpet og resultata frå dette utgreiingsarbeidet.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 09.09.2015

Einar Lutro stilte spørsmål om han er habil i saka ettersom han er medlem av IS Rv7.

Fylkesrådmannen har vurdert habilitetsspørsmålet og la fram notat.

Samferdselsutvalet fann Lutro innhabil, og han gjekk frå når saka var handsama.

Tom Skauge sette på vegne av SV og MDG fram protokollmerknad.

Alf Helge Greaker sette fram oversendingsforslag

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart vedteke mot 3 røyster (V, SV, MDG).

Innstilling

1. Fylkesutvalet syner til søknaden frå Hardangerviddatunnelene AS frå 3.juni 2015 om støtte til kjøp av to utgreningar. Det er viktig å få dokumentert ringverknader og nytte av Rv7 over Hardangervidda. Fylkesutvalet løyver kr. 300 000 i prosjektstøtte, finansiert over fylkesutvalet sin tilleggsløyvingskonto.
2. Fylkesutvalet vil understreka at det er Hardangerviddatunnelen AS som er ansvarleg for tematikk og tingiinga av utgreiingane. Hordaland fylkeskommune heftar ikkje for innkjøpet og resultata frå dette utgreiingsarbeidet.

Oversendingsforslag frå Alf Helge Greaker

Med bakgrunn i mellom anna sak SAMU sak 97/15, ber samferdselsutvalet om å få sak om prinsipielle retningslinjer angående interesseorganisasjonar opp mot finansiering av vegprosjekt.

Protokollmerknad frå Tom Skauge (SV) og Tom Sverre Tomren (MDG).

Partia SV og MDG stemmer mot framlegg til løyving. Vi ynskjer ei prinsipiell avklaring av korleis slike løyvingar skal handsamast i framtida.

PS 98/15 Omklassifisering av gamlevegen gjennom Ytre Tysse - fv. 48

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet vedtar at:

1. Fylkesveg 48, mellom Sætrevika og kryss fv. 136 (Tysse bru) med ein lengde på ca. 2700 meter vert omklassifisert til kommunal veg.
2. Fylkesveg 48, mellom kryss fv. 136 (Tysse bru) til nytt kryss ved Tysseelva (fv. 48), med ein lengde på 300 meter får nytt vegnummer. Strekninga vert ei forlenging av fv. 136.
3. Før endeleg vedtak trer i kraft og vegen overleverast til Samnanger kommune skal vegen setjast i den stand som følgjer av veglovens § 7 fjerde ledd og i samsvar med notatet etter synfaringa 20.05.2014 frå Statens vegvesen.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 09.09.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet vedtar at:

1. Fylkesveg 48, mellom Sætrevika og kryss fv. 136 (Tysse bru) med ein lengde på ca. 2700 meter vert omklassifisert til kommunal veg.

2. Fylkesveg 48, mellom kryss fv. 136 (Tysse bru) til nytt kryss ved Tysseelva (fv. 48), med ein lengde på 300 meter får nytt vegnummer. Strekninga vert ei forlenging av fv. 136.
3. Før endeleg vedtak trer i kraft og vegen overleverast til Samnanger kommune skal vegen setjast i den stand som følgjer av veglovens § 7 fjerde ledd og i samsvar med notatet etter synfaringa 20.05.2014 frå Statens vegvesen.

PS 99/15 Disponering av overskot frå bompengeinnkrevjing - Trekantsambandet og Nordhordlandsbrua

Forslag til innstilling:

1. Fylkesutvalet godkjenner Statens vegvesen sitt forslag til disponering av overskytande bompengar frå Trekantsambandet.
2. Fylkesutvalet godkjenner Statens vegvesen sitt forslag til disponering av overskytande bompengar frå Nordhordlandsbrua.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 09.09.2015

Inge Reidar Kallevåg er styremedlem i Bømlopakken AS og melde seg innhabil i handsaming av saka.

Utvalet slutta seg til dette, og Kallevåg gjekk frå under handsaminga.

Tom Skauge sette fram alternativt forslag til pkt 1 i innstillinga.

Fylkesutvalet ynskjer at prosjekt E39 Stord – byggjing av rundkøyring i Tveitakrysset – vert erstatta av gong- og sykkelveg knytt direkte til E39,- anten frå Tveita i sør til Heiane, eller gong- og sykkelveg ved Tveita nordre.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 1 vart vedteke mot 2 røyster (SV, MDG).

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling pkt 2 vart samrøystes vedteke.

Innstilling:

1. Fylkesutvalet godkjenner Statens vegvesen sitt forslag til disponering av overskytande bompengar frå Trekantsambandet.
2. Fylkesutvalet godkjenner Statens vegvesen sitt forslag til disponering av overskytande bompengar frå Nordhordlandsbrua.

PS 100/15 Beredskapsanalyse for brusambanda rundt Bergen - Høyringssak

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet vedtek å sende «Beredskapsanalyse for bruene rundt Bergen» ut på høyring.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 09.09.2015

Tom Skauge sette fram forslag om å senda analysen på høyring når desse moment er innarbeidd:

1. Beredskapsanalysen bør drøfte om infrastruktur for kriseferjer er god nok for alle sambanda.

2. Beredskapsanalysen syner at ferjesambandet Breistein – Valestrandsfossen bør sikrast vidare drift.

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.
Tom Skauge sitt forslag til nye punkt i innstillinga fekk 2 røyster (SV, MDG) og fall.

Innstilling

Fylkesutvalet vedtek å sende «Beredskapsanalyse for bruene rundt Bergen» ut på høyring.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 19.08.2015

Saka vert utsatt.

PS 101/15 Omklassifisering av Rv 13 ved Mørnshaugen til kommunal veg.

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet har ikkje merknadar til at gamle vegen på Rv 13 ved Mørnshaugen vert omklassifisert frå riksveg til kommunal veg.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 09.09.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Fylkesutvalet har ikkje merknadar til at gamlevegen på Rv 13 ved Mørnshaugen vert omklassifisert frå riksveg til kommunal veg.

PS 102/15 Fysisk sikring av Askøybrua

Forslag til innstilling

1. Fylkestinget godkjenner oppstart av prosjektering av høgt rekkverk på Askøybrua.
2. Kameraovervakninga på Askøybrua går som planlagt og blir evaluert innan to år. Fylkestinget ber om at rapporten er klar til 15.4.2016.
3. Fylkesrådmannen kjem tilbake med ny sak til Fylkestinget i juni 2016, ut frå konklusjonane i evalueringa.

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 09.09.2015

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling:

1. Fylkestinget godkjenner oppstart av prosjektering av høgt rekkverk på Askøybrua.
2. Kameraovervakninga på Askøybrua går som planlagt og blir evaluert innan to år. Fylkestinget ber om at rapporten er klar til 15.4.2016.

3. Fylkesrådmannen kjem tilbake med ny sak til Fylkestinget i juni 2016, ut frå konklusjonane i evalueringa.

PS 103/15 Ymse

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 09.09.2015

ORIENTERINGAR

Nytt frå Skyss

Oddmund Sylta orienterte om følgjande:

- Forbetring av sanntidssystemet for bybana
- Alle haldeplassar i sentrum er merka med eigen «bokstav». Det vil letta oversikta for dei reisande.
- Dei fleste sanntidsskjermar er no montert og i drift
- Det er sett i verk eit prosjekt for å greia ut framtidige løysingar for sal og billettering
- Det er sett i verk eit arbeid som skal vurdera utviklinga av salskanalar mot 2020
- Konkrete tiltak knytt til salskanalar
- Status for passasjerteljingssystemet

Nytt frå Statens vegvesen

Olav Finne orienterte om følgjande

- Så langt 3 dødsulukker i trafikken i Hordaland i 2015
- Tunnelbrannane på riksvegar den siste tida og erfaringane frå desse
 - Skatestraumstunnelen
 - Gudvangatunnelen
 - I begge tunnelane fungerte tryggleiksutstyret tilfredstillande.
- Langvarig stenging på RV7 ved Lussand. Ustabile massar som må ryddast vekk er årsaka til stenginga. Det vart sette opp båtrute forbi skadestaden frå 1. september.
- Skred på Bruvikvegen. Legg opp til at stenginga vert kort.
- Arbeidet på Svegetjønn – Rådal har starta opp 3. september.
- Arbeidet på Jobergtunnelen i Granvin har starta opp.
- Statens vegvesen flytter til Bergen sentrum den 12. oktober.

Naturvernforbundet i Hordaland

Orientering om visjon for grønt skifte innan samferdsel og miljø fram mot 2030 v/Grabriel Fliflet, Nils Tore Skogland og Nils Johnsen.

Ymse

Håkon Rasmussen orienterte om at det vert innført samkøyringsfelt på Fjøsangervegen frå byrjinga av november 2015.

Stein Inge Ryssdal stilte følgjande spørsmål

Hydrogen tykkjest å bli stadig meir aktuelt som energibærar for elektriske kjøretøy.
Hydrogen kan sleppast ut frå kjøretøy ved ulukker, men største mengda vil sjølv sagt kunne komma ved transport av hydrogen til fyllestasjonar. Hydrogen blanda med luft gjev knallgass.

Finns det vurderingar av korleis hydrogen som energibærar vil påverka risikobildet i veggunnellar?

Administrasjonen kjem attende med svar.

Stein Inge Ryssdal tok opp spørsmålet om bruk av hydrogen i ferjedrifta og stilte spørsmål om administrasjonen ser på både økonomiperspektivet og miljøperspektivet i dei nye ferjeamboda.

Håkon Rasmussen opplyste om at administrasjonen primært arbeider ut frå det vedtaket som vart fatta av fylkesutvalet der både økonomi og miljø er viktige faktorar. Det vert lagt opp til funksjonskontraktar der ein i utgongspunktet er opne for ulike teknologiar. Det vil vera opp til anbydarane å koma opp med gode miljøvenlege driftsløysingar.

Tom Skauge stilte følgjande spørsmål

1. Planar for ferjeambod med null- eller lågutslepp

Fylkesutvalet har vedteke å førebu nytt ferjeambod med krav til null- eller lågutslepp.

- a. Etter det eg er kjent med er det mogeleg å bygge nye miljøvenlege ferjer utan å vente på store statlege løyingar dersom anbodsperioden vert sett til om lag 10 år. Er dette eit alternativ som administrasjonen innarbeidar i sine framlegg?
- b. Fylkesordførar er referert i avis Bygdnytt på at han no er positiv til elferje på sambandet Breistein-Valestrandsfossen. Har administrasjonen fått i oppdrag å utgrei ein slik plan som set til side alle tidlegare vedtak i saka?

Håkon Rasmussen svara på spørsmål 1a ved å syna til svaret på spørsmålet frå Stein Inge Ryssdal. På spørsmål 1b er svaret at tidlegare fatta vedtak i saka framleis gjeld.

2. E16 og Jernbane mellom Arna og Voss

Det er kjent i pressa at me ikkje får svar frå Regjeringa på kva traseaval staten ynskjer for kombinert veg og jernbane mellom Arna og Voss før valet. Eit argument for å ikkje gje svar på kravet om K5 alternativet er at Jernbaneverket har fått eit nytt oppdrag for utgreiing.

- a. Kan administrasjonen gjere greie for kva nye utgreiingar som Regjeringa ynskjer frå jernbaneverket?
- b. Kan Regjeringa sitt ynskje om ny utgreiing få konsekvensar for alternativet som eit brent fleirtal i Hordaland Fylkesting støtter?

Håkon Rasmussen svara på spørsmålet

- a. Administrasjonen er kjend med at Jernbaneverket har fått i oppdrag frå Regjeringa å gjere nokre supplerande utgreiingar som grunnlag for Regjeringa si handsaming av KVU Arna – Voss. Vi er ikkje kjent med innhaldet i dette oppdraget, som ikkje er offentleg.
- b. Sidan innhaldet ikkje er offentleg, kan vi vanskeleg spekulera i konsekvensane av det.

3. Planprogrammet for Rv. 555 fastlandssambandet Sotra–Bergen, Kolltveit–Liavatnet – Bybane og kollektivfelt?

Planprogrammet offentleg ettersyn og høyring om framlegg til reguleringsplan for Sotrasambandet, ny Rv 555 mellom Kolltveit i Fjell og Storavatnet i Bergen.

- a. Er det rett at Statens vegvesen har sett til side HFK sitt vedtak om å regulera inn bybane til Sotra?
- b. Er det rett at høyningsframlegget ikkje har framlegg om å regulera inn kollektivfelt på strekninga?
- c. Er det rett at Fylkesmannen trekte sin innsigelse mot bru med fire felt fordi to felt skulle gje plass til kollektivfelt og seinare bybane?

Håkon Rasmussen svara på spørsmålet

- a. Det er rett at planframlegg frå Statens vegvesen på nytt samband til Sotra, ikkje har Bybane på ny bru som ein premiss.
- b. Det er rett at planframlegget ikkje har regulert inn samanhengande kollektivfelt. Det er lagt til grunn ei fleksibel løysing, der ein kan styre feltbruken etter behov. Motorvegstandarden tillet ikkje samanhengande kollektivfelt, og dette er handsama som fråvik i Vegdirektoratet.
- c. Det er rett at Fylkesmannen hadde motsegn mot «ny firefeltsbro hvor samtlige kjørefelt er reservert biltrafikk. Fylkesmannens innsigelse er altså knyttet til at ved en eventuell ny firefeltsbro skal to av feltene forbeholdes bybane. Med en slik føring for ny firefeltsbro kan

Fylkesmannen trekke innsigelses til kommunedelplan for Sotrasambandet, delstrekning Kolltveit – Storavatnet.» Vi reknar med at motsegna vart trekt som følge av føresegne i planen.

I Planen heiter det føresegn §2-1.6

Mellom Straume og kryssområdet Arefjord skal det etablerast eigne kollektivfelt. Endeleg løysing vert fastsett i reguleringsplanen.

Mellom kryssområdet Arefjord og kummune grensa mot Bergen kommune skal det etablerast kollektivfelt på to av dei fire felta. Endeleg løysing vert fastsett i reguleringsplanen.

Atle Kvåle hadde sendt inn fylgjande spørsmål

I samband med NTP ligg det inne at ein som ein del av anbodsgrunnlaget skal ha med Autopass på riksvegferjene.

Ap vil be om at dette og skal takast med som ein del av anbodsgrunnlaget for fylkesvegsambanda. Konsekvensen av dette vil bl.a. vera at mindre ressursar går med til administrasjon, meir saumlaus ferdsel, gratis for passasjerane.

Ber om at dette blir sak til SAMU.

Alf Helge Greaker stilte fylgjande spørsmål

Trolleybuss i mobilitetsveka

Spørsmålsstillar reknar med at Hordaland fylkeskommune skal delta på den Europeiske mobilitetsveka, 16.-22.september 2015. I den veka skal det vere fokus på kollektivkonsept som sykkel, bane, buss etc. Det er vedteke at trolleybussen skal vere ein sentral del av kollektivnettet. No forstår representanten at programmet er ganske utarbeida. Likevel:

- Korleis kan arrangørane og HFK få merksemd på trolleybussen og eventuelle framtidige el-buss-konsept?
- Vil ein og vere med å markere den europeiske trolleybussdagen som tidlegare har vore markert denne veka andre stader (sjå: <http://www.trolley-project.eu/index.php?id=112>)?

Håkon Rasmussen opplyste om at fylkeskommunen er medarrangør av mobilitetsveka. Programmet for veka er ferdig og det er i år særleg fokus på samansette reiser.

Alf Helge Greaker sette fram fylgjande oversending

Sykkelvarslar i tunnel

I Troms har fylkeskommunen og Statens vegvesen vore med på å etablere manuell varsling av syklistar i til saman 6 tunnelar. Det inneber at syklisten trykker på ein lett synlig trykknapp rett før tunnelen, som varsler «syklist i tunnel» på begge sider av tunnelen. Lengre tunnel har gjentaking innvendig. Signalet blinkar til syklisten er ute av tunnelen. Prislappen er oppgjeve til å vere ca 400.000 kr pr tunnel i snitt.

- Innan neste rullering av "Handlingsplan for trafikksikring i Hordaland", ber samferdselsutvalet om å få ein oversikt over tunnelar kor dette kan vere aktuelt å prosjektere her i fylket.

Øyvind Hardeland tok opp fylgjande problemstillingar rundt Furubergfossen bru.

Det er därleg dekke på og ved brua, noko som gjer den trafikkfarleg.

Det er plassert skilt inne i vegbana.

Asfalteringa i Svoldalstunnelen er därleg utført med store humpar.

Administrasjonen kjem attende med skriftleg svar.

Gustav Bahus tok opp att Lærdalstunnelen tidvis hadde vore stengt p.g.a. luftforureining den siste tida, noko som truleg skuldast uvanleg stor trafikk, og stilte spørsmål om den var for dårlig dimensjonert på utlufting.

Olav Finne opplyste om at problemet med forureina luft kunne ha fleire årsaker, m.a. meteorologiske. Ein er klar over problemet og har det under observasjon.